

Innst. S. nr. 87

(2001-2002)

Innstilling frå finanskomiteen om Kredittmeldinga 2000

St.meld. nr. 6 (2001-2002)

Til Stortinget

1. INNLEIING

Samandrag

Meldinga gjeld for år 2000. Omtalen er på nokre punkt utvida til også å ta med utviklinga i 2001. Års-meldingane frå Noregs Bank, Kredittilsynet, Statens Banksikringsfond, Statens Bankinvesteringsfond og Folketrygdfondet for år 2000 følgjer som utrykte vedlegg til meldinga.

Det er i avsnitt 1.2 i meldinga gjort greie for utviklinga på finansmarknaden i 2000.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Ranveig Frøiland, Svein Roald Hansen, Tore Nordtun, Torstein Rudihagen og Hill-Marta Solberg, frå Høgre, Svein Flåtten, Torbjørn Hansen, Heidi Larssen og Jan Tore Sanner, frå Framstegspartiet, Gjermund Hagesæter, leiaren Siv Jensen og Per Erik Monsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Øystein Djupedal, Audun Bjørlo Lysbakken og Heidi Grande Røys, frå Kristeleg Folkeparti, Ingebrigt S. Sørfonn og Bjørg Tørresdal, frå Senterpartiet, Karin Galaaen, frå Venstre, May Britt Vihovde og frå Kystpartiet, Karl-Anton Swensen, viser til merknader under dei einskilde avsnitta nedanfor.

2. NOKRE SPØRSMÅL I TILKNYTING TIL FINANSMARKNADEN

2.1 Kombinerte ordningar mv.

Samandrag

I Ot.prp. nr. 78 (2000-2001) foreslo Finansdepartementet at ei innføring av kombinerte pensjonsordningar skulle bli vurdert på eit tidspunkt når ein hadde fått

meir erfaring med dei nye pensjonsordningane etter innskotspensjonslova og lov om føretakspensjon. I Innst. O. nr. 110 (2000-2001) uttala eit fleirtal av medlemene i finanskomiteen at det burde opnast for kombinerte pensjonsordningar, og departementet blei bedd om å kome attende med forslag om dette i samband med Kredittmeldinga hausten 2001.

I brev av 30. mai 2001 bad Finansdepartementet Kredittilsynet om å vurdere behovet for endringar i lov om føretakspensjon og innskotspensjonslova, og om å utarbeide utkast til lovreglar om kombinerte pensjonsordningar. Finansdepartementet sende 2. august 2001 ut eit høyringsnotat samt utkast til lovendringar som byggjer på Kredittilsynet sitt svarbrev til departementet av 20. juli 2001. Utkastet inneheld lovreglar som på enkelte vilkår opnar for kombinerte ordningar. Vidare blir det gitt heimel til å fastsette nærare reglar om utforminga av kombinerte ordningar i forskrift. Høyringsinstansane blei bedne om merknader innan fredag 14. september 2001.

Ei innføring av kombinerte ordningar vil måtte innebære lovendringar, og derfor tar departementet sikte på å leggje fram ein odelstingsproposisjon om saka i haust.

I Ot.prp. nr. 42 (2000-2001) varsla Finansdepartementet at ein tok sikte på å sjå nærare på forståinga og praktiseringa av EU-reglane om forvaltning av pensjonskapital i livsforsikringsselskap. Eit fleirtall i finanskomiteen, alle bortsett frå medlemene frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti, bad ved behandlinga av proposisjonen om at departementet ga dette arbeidet høgste prioritet, jf. Innst. O. nr. 85 (2000-2001). Departementet tar sikte på å vurdere problemstillinga i proposisjonen om kombinerte ordningar.

Merknader frå komiteen

Komiteen viser til at den ovafor varsla odelstingsproposisjonen er til handsaming i komiteen, jf. Ot.prp. nr. 33 (2001-2002).

2.2 Omdanning av sparebankar

Samandrag

Gjensidige NOR bad i brev til Finansdepartementet 31. august 2000 om at det blei fremma forslag for å endre regelverket for finansinstitusjonar slik at det skulle bli mogleg å skipe om Sparebanken NOR til eit aksjeselskap. Bakgrunnen er at Gjensidige NOR ønskjer å omorganisere heile konsernet. Gjensidige NOR er i dag organisert som ei såkalla "konserngruppe" som består av sparebank og gjensidig forsikringsselskap, etter reglane i lov 10. juni 1988 nr. 40 Om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finl.) § 2a-16.

I meldinga er det omtale av gjeldande rett og tidlegare vurderingar kring spørsmålet om omdanning av sparebankar, Banklovkommisjonen sitt forslag i NOU 1998:14 Finansforetak mv., noverande organisering av Gjensidige NOR og deira syn på kvifor ein heimel til omdanning er naudsynt, og Sparebankforeningen i Norge si handsaming.

Det er etter gjeldande reglar ikkje heimel for at ein sparebank kan skipast om til eit aksjeselskap. Etter Finansdepartementet sitt syn er det heller ikkje rettsleg grunnlag for at ein sparebank opprettar ein ny forretningsbank for deretter å fusjonere inn verksemda til sparebanken. Departementet meiner ein slik framgangsmåte vil stride mot dei føresetnader som er lagt til grunn i samband med at det blei gitt heimel til å danne om gjensidige forsikringsselskap og kredittforeningar. Sjølv om ordlyden for så vidt opnar for ein slik framgangsmåte, vil godkjenning ikkje kunne bli gitt, og omdanning av ein sparebank til eit aksjeselskap krev derfor lovendring.

Departementet syner til Banklovkommisjonen sin gjennomgang av dei kryssande omsyna som gjer seg gjeldande.

Etter departementet si vurdering bør det gjerast ei lovendring som gjer det mogleg for sparebankar å skipa seg om til aksjeselskap. Departementet meiner denne heimelen bør gjerast generell, og ikkje bare gjelde for Gjensidige NOR Sparebank. Departementet vil derfor leggje fram for Stortinget eit lovforslag om endring i finanslovgjevninga som opnar for omdanning av sparebankar.

Etter departementet si vurdering bør ein i arbeidet med eit slikt lovforslag ta utgangspunkt i Banklovkommisjonen sitt forslag i NOU 1998:14. I samband med lovarbeidet vil ein ta sikte på ei regulering av stiftelsen som skal motverke eit ikkje ønskjeleg oppkjøp av sparebanken eller konsernet. I vurderinga vil det bli tatt omsyn til at formålet med ei omdanning er å få god tilgang på aksjekapital. Samstundes må ein i lovarbeidet vurdere forholdet til EØS-avtalen nærare. Parallelt med lovarbeidet vil det bli vurdert tiltak for å betre rammevilkåra for mindre sparebankar. Ein moglegheit kan vere å styrkje ordninga med grunnfondsbevis.

Merknader frå komiteen

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Kystpartiet, er samd i departementet sin konklusjon om at det bør gjerast ei generell lovendring som gjer det mogleg for sparebankar å omdanna seg til aksjeselskap.

Etter fleirtalet si vurdering kan ei slik omdanningsmuligheit, kombinert med tiltak som motverkar oppkjøp, og ordningar som styrkjer grunnfondsbevisa si stilling, verta ei løysing som både gjer stillinga betre for store sparebankar og som tek vare på og vidareutviklar sjølve sparebankideen. På denne måten vil ei lovendring som det her er tale om verta ei modernisering og strukturtilpassing som styrkjer den totale sparebankverksemda i Norge.

Når det gjeld forslag om tiltak for å motverka oppkjøp meiner fleirtalet at det er særleg viktig å vurdere dette opp mot ei eventuell framtidig endring/fjerning av 10-prosentregelen, for på denne måten å synleggjera kva verkemiddel og tiltak som på ein robust og trygg måte kan hindra uønska oppkjøp. Etter fleirtalet si vurdering er det viktig med ulike tiltak som kan utvikla og styrkja finansielt nasjonalt eigarskap i Norge.

Under høyringane om saka den 18. januar 2002 kom det, særleg frå Sparebankforeningen, fleire konkrete forslag om tiltak for å styrkja grunnfondsbevisa si stilling. Fleirtalet ser det som svært viktig at grunnfondsbevisa si stilling får ei reell styrking. Fleirtalet vil vidare understreka at det er viktig at arbeidet med dette går parallelt med omdanningssaka, slik at desse sakene kan sjåast i samanheng.

På denne bakgrunn er fleirtalet samd i departementet sin konklusjon om å leggja fram for Stortinget eit lovforslag om endring av finanslovgjevninga som opnar for omdanning av sparebankar til aksjeselskap.

Komiteen viser til at Kredittforeningen Landkreditt 7. desember 2001 ble gitt konsesjon til å etablere Landkreditt bank AS som heleid datterselskap gjennom Centralkassen AS som mellomliggende holdingselskap. Konsesjonen er gitt som en tidsbegrenset dispensasjon fra eierbegrensningsreglene og departementet har i den anledning pålagt Landkreditt innen 1. august 2003 å ha søkt om å omstrukturere konsernet i tråd med de hovedregler for eierforhold og finanskonsern som gjelder på det tidspunkt. Komiteen viser vidare til at Kredittilsynet i sin innstilling om konsesjonssøknaden har pekt på at det kunne være aktuelt med en lovendring slik at Landkreditt i sin bankkonsesjon ikke skulle være basert på en dispensasjon.

Komiteen viser til at Landkreditt, som en medlemsstyrt forening med vekt på brukernytte, representerer et viktig konkurranselement i markedet for langsiktig grunnfinansiering til landbruket.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, Senterpartiet og Kystpartiet, viser på denne bakgrunn til brev fra finansminister Per-Kristian Foss til komiteen 6. og 7. februar 2002 med orientering om at Finansdepartementet ved brev 5. februar til Banklovkommisjonen har bedt om at kommisjonen foretar en vurdering av om kredittforeninger kan være konsernspiss i finanskonsern.

Flertallet har merket seg at departementet vil vurdere spørsmålet med sikte på å avklare behovet for lovendring.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Senterpartiet og Kystpartiet kan ikke se at en kredittforening er uegnet som konsernspiss i finanskonsern som driver bank. Ved Stortingets behandling av Innst. O. nr. 8 (1991-1992) om krav til morselskap i finanskonsern gikk et mindretall inn for at kredittforetak måtte likestilles med bank og forsikring.

Disse medlemmer ber derfor departementet på egnet måte fremme forslag til lovendringer slik at den nåværende konsernstruktur med kredittforeningen Landkreditt som konsernspiss kan videreføres.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Fremskrittspartiet etterlyser også Regjeringens oppfølging av Konkurranseflate-utvalget og ber om at departementet snarlig følger dette opp. Disse medlemmer viser blant annet til finanskomiteens innstilling i Kredittmeldingen 1999 der det heter:

"Fleirtallet viser til at det norske kapitaldekningsregelverket er strengere utforma enn minstekrava elles i det aktuelle EU-direktivet. Fleirtallet har merka seg at departementet har letta noko på krava i høve til forsikringsselskapa, og ser fram til ei nærare vurdering av bruken av krysseige-reglane for forsikringsselskap. Fleirtallet meiner at departementet, på bakgrunn av Hope-utvalget si innstilling om egenkapitalkrav for forsikringsselskapa, må gjennomgå kapitaldekningskrava for forsikring og blanda konsern."

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiets oppfatning er at det er en rekke spørsmål fra Hope-utvalget det nå haster med å få en løsning på, herunder det særnorske egenkapitalkrav og krysseieregler for forsikring, åpning for pantelikrede obligasjoner og verdipapirisering, ny livsforsikringslovgivning og samordning av kapitalforvaltningsmiljø i finanskonsern.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti viser til at en fungerende finansnæring er helt sentral for et dynamisk næringsliv. Tilgjengelighet til institusjoner som kan finansiere investeringer, og som har kompetanse til å vurdere investeringsprosjektene, er av avgjørende betydning for nyskaping og videreutvikling av norsk næringsliv. I denne sammenheng vil disse medlemmer under-

streke at finansinstitusjoner med norske eiere og hovedkontor i Norge har vesentlig bedre forutsetning for å holde seg oppdatert på norsk næringslivs utfordringer. Dette har derfor en sjølstendig verdi, spesielt for næringer som er spesielt viktige for landet.

Disse medlemmer påpeker at norsk banknæring har gjennomgått en betydelig restrukturering siden finansmarkedene ble liberalisert. Dette har ført til en kraftig reduksjon i antall aktører, særlig når det gjelder forretningsbanker, men også i sparebanksektoren. Parallelt er flere store finansinstitusjoner solgt ut av landet. Resultatet er en norsk finansnæring som består av noen få store aktører, en rekke filialer av utenlandske og for en stor del tidligere norskeide banker, i tillegg til et fremdeles godt utbygd nett av større og mindre sparebanker.

Til nå har sparebankloven gitt en garanti for at sparebankene ikke kan kjøpes av andre enn sparebanker. Det betyr at sparebankene fremdeles har en relativt desentral struktur, og dermed er plassert vesentlig nærmere kundene sine enn hva tilfellet er for forretningsbankene. For næringer som havbruk, fiskeri og for en rekke mindre bedrifter i distriktene har dette gitt mulighet for å finansiere prosjekter som forretningsbankene vanskelig ville hatt forutsetninger for å vurdere.

En generell tillatelse til omdanning av sparebanker til aksjeselskap åpner for en omstrukturering av sparebanksektoren. Erfaringer fra andre land der man har åpnet for omdanning, har vist at aksjesparebankene har fusjonert med hverandre, og så i stor grad blitt slått sammen med forretningsbanker.

Å beholde strukturen i sparebanksektoren har til nå hatt støtte fra et klart flertall på Stortinget. Disse medlemmer oppfatter derfor signalene fra Regjeringen om å gi sparebankene omdanningsadgang som et linjeskifte i politikken på dette området.

Disse medlemmer har registrert Gjensidige NOR Sparebanks ønske om omdanningsadgang til aksjesparebank, med henvisning til et ønske om å holde egenkapitalkostnadene på et nivå som er konkurransedyktig i forhold til forretningsbankene som opererer på det norske markedet. Dette er etter selskapets oppfatning nødvendig for å kunne ha et konkurransedyktig nivå på tilbudet til bankkundene.

Disse medlemmer har forståelse for Gjensidige NOR Sparebanks spesielle behov, men mener allikevel at de totale samfunnsmessige hensyn taler mot å åpne for omdanning. Ikke minst vil en omdanning av landets desidert største sparebank til aksjesparebank innebære en klar svekkelse av grunnfondsbeviset som egenkapitalinstrument, noe som lett vil gi flere sparebanker motivasjon til å vurdere omdanning. Dermed vil vi lett få en uønsket dominoeffekt der sjøl banker som ønsker å fortsette som sparebank, ser seg nødt til å gå inn for omdanning.

Disse medlemmer påpeker også at grunnfondsindeksen har gitt bedre avkastning enn Oslo Børs' totalindeks i perioden fra 1995-2001, og stiller

seg undrende til at det skulle være så vanskelig å overbevise investorer om å satse på dette verdipapiret. Disse medlemmer vil i stedet for å åpne for omdanning av sparebanker, be Regjeringen vurdere de framlagte forslagene for å styrke grunnfondsbeviset som egenkapitalinstrument.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet og Kystpartiet er uenig med departementets konklusjon om at det bør gjøres en lovendring som tillater at sparebanker skal kunne omdanne seg til AS. Så langt har sparebankloven fungert som en effektiv sperre mot oppkjøp. Når det åpnes for en generell omgjøringsadgang til aksjeselskap, er veien lagt åpen for oppkjøp og sentralisering.

Sparebankenes idégrunnlag er at de skal være selveiende institusjoner med forankring i de lokalsamfunn som de betjener. Sparebanksystemet har vist seg å være både kostnadseffektivt og finansielt robust. Under bankkrisen på slutten av 1980-tallet og begynnelsen av 1990-tallet, var det bare et fåtall sparebanker som fikk alvorlige problemer. De fleste forretningsbankene måtte ha betydelig statlig hjelp for å unngå likvidasjon.

I dag er alle norske sparebanker - unntatt Gjensidige NOR Sparebank - typiske distriktsbanker, som betjener større og mindre lokalsamfunn innenfor et begrenset geografisk område. Innenfor mange av disse områdene er sparebankene eneste, eller en av svært få leverandører av finansielle tjenester til personer og småbedrifter. Sparebankene er særdeles viktige for utviklingen av næringslivet og også kulturlivet, i sine lokalsamfunn. Sparebankene spiller derfor en viktig rolle når det gjelder å opprettholde et levende distriktsnorge.

Disse medlemmer mener at det er grunn til å peke på at dette lokale engasjementet fra sparebankenes side ikke har gått på bekostning av lønnsomhet og sikring av bankenes soliditet. Tvert imot konkurrerer de lokale sparebankene også godt på rentevilkår.

Disse medlemmer finner grunn til å understreke at i de vesteuropeiske land hvor det er gitt en lovmessig adgang for å omgjøre sparebanker til aksjeselskaper, har omdanning skjedd fort. Aksjebankene har fusjonert og i stor grad blitt slått sammen med forretningsbanker. I disse landene eksisterer det ikke lenger et sterkt distriktsorientert sparebankvesen, slik vi i dag kjenner det i Norge.

I Vest-Europa står sparebankene sterkt i Tyskland, Spania og Norge. Hovedgrunnen til dette er at det i disse tre landene ikke er adgang til å omdanne sparebanker til aksjesparebanker eller aksjebanker. I Sverige gikk det ti år fra omdanning til AS ble tillatt, med solid oppkjøpsvern, til man er midt i en oppkjøpsbølge.

Etter disse medlemmers oppfatning vil en generell omgjøringsadgang for sparebanker til å kunne bli aksjeselskaper være svært negativt for distriktsnorge. Venstres tidligere finanspolitiske talsmann,

Terje Johansen, sa det slik til Dagens Næringsliv den 9. mars 2001:

"- Om 15 år har vi et bankvesen der blodårene ut til distriktene er blitt borte. Småbedrifter og nyskapere i distriktene er ikke opptatt av om lånet gis med 0,2 eller 0,3 prosent lavere rente. De er opptatt av i det hele tatt å få lån. Da trenger de banksjefer med lokalkunnskap."

Disse medlemmer vil videre vise til at under behandlingen av Langtidsprogrammet i vår gikk Senterpartiet, med støtte fra Kristelig Folkeparti og Venstre, imot at sparebankloven endres slik at sparebankene kan omdannes til aksjeselskap. Begrunnelsen for standpunktet var at en ser det som "viktig å styrke det nasjonale eierskap i finansnæringen og ser på sparebanksystemet med distriktsmessig tilgjengelighet, lokal styring, lokalt eierskap og brukerinnflytelse som avgjørende for utviklingen av et desentralisert næringsliv og at hele landet kan være bebodd", Innst. S. nr. 230 (2000-2001).

Disse medlemmer mener konsekvensene for de mindre sparebankene og dermed distriktsnorge, vil være dramatiske dersom Stortinget slutter seg til dette forslaget.

Disse medlemmer mener imidlertid at Gjensidige NOR Sparebank har dokumentert behovet for bedret tilgang på egenkapital.

Disse medlemmer mener samtidig at Gjensidige NOR Sparebank er i en så annerledes situasjon enn de andre sparebankene at det ikke bør gis en generell omgjøringsadgang, men heller la Gjensidige NOR Sparebank få anledning til å bli forretningsbank.

Andre sparebankers behov for ekstra egenkapital kan sikres ved å styrke grunnfondsbevisenes stilling. En slik styrking av grunnfondsbevisene er viktig for å sikre minst ett trygt nasjonalt basert finansmiljø i Norge.

"Arbeiderpartiet er sammen med Høyre sentraliseringspartiene i Norge. For dem er ikke dette (omdanning til AS) noe skrekksenario.", sa Venstres Terje Johansen til Dagens Næringsliv 9. mars 2001.

Disse medlemmer konstaterer at Kristelig Folkeparti og Venstre ikke bare har skiftet standpunkt, men også påstår at omgjøringsadgangen vil styrke sparebankene, uten at nye argumenter har blitt brakt fram i debatten etter valget.

3. REGELVERKSUTVIKLING OG FORVALTNINGSSAKER PÅ FINANSMARKNADSOMRÅDET

Samandrag

I meldinga er det gitt ei oversikt over dei viktigaste endringane i regelverket på finansmarknadsområdet for 2000, og dessutan ei oversikt over sentrale forvaltningssaker for same år. Omtalen er i hovudsak avgrensa til 2000, men enkelte stader har ein ført fram-

stillinga fram utover årsskiftet. Kredittmeldinga 1999 inneheld òg ei framstilling som på enkelte punkt omfattar endringar i 2000. Enkelte av desse sakene blir kort omtala på ny her. Ein viser elles til Kredittmeldinga 1999 kapittel 3.

Merknader frå komiteen

Komiteen tek omtalen i meldinga til orientering.

4. VERKSEMMA I NOREGS BANK, KREDIT- TILSYNET, STATENS BANKSIKRINGSFOND, STATENS BANKINVESTERINGSFOND OG FOLKETRYGDFONDET I 2000

Samandrag

Det er i meldinga gjort greie for verksemda til Noregs Bank, Kredittilsynet, Statens Banksikringsfond, Statens Bankinvesteringsfond og Folketrygdfondet i 2000.

Merknader frå komiteen

Komiteen tek dette til orientering.

5. OM VERKSEMMA TIL DET INTERNASJONALE VALUTAFONDET (IMF)

Samandrag

Det internasjonale valutafondet (International Monetary Fund, forkorta IMF) har 183 medlemsland og er ein sentral aktør i det internasjonale økonomiske samarbeidet. Organisasjonen har eit hovudansvar for å fremme stabiliteten i det internasjonale monetære systemet og er eit forum for internasjonalt samarbeid om penge- og valutapolitiske spørsmål. Dei omfattande oppgåvene gir IMF ei stor kontaktflate mot andre internasjonale organisasjonar i tillegg til direkte kontakt med medlemslanda.

Fram til 1997 la Finansdepartementet annakvart år fram ei eiga stortingsmelding om aktivitetane til IMF. I meldingane orienterte departementet mellom anna om sakene som hadde blitt behandla eller var til behandling i IMF. Det blei òg greidd ut om haldningane til dei nordiske og baltiske landa (som har ein felles valkrins) og kva for syn Noreg hadde hatt i dei viktigaste sakene. I St.prp. nr. 56 (1997-1998) Om samtykke til endring i IMF's statutter om spesielle trekkrettigheter og om samtykke til økning av medlemslandenes kvoter gjorde Finansdepartementet framlegg om å avvikle ordninga med ei eiga stortingsmelding om IMF annakvart år. I staden ville ein orientere Stortinget om viktige IMF-saker i andre stortingsmeldingar og stortingsproposisjonar frå Finansdepartementet. Heile finanskomiteen slutta seg til framlegget.

IMF si verksemd er konsentrert om tre hovudaktivitetar: overvaking av økonomien i medlemslanda, lån i

krisesituasjonar og teknisk assistanse. Økonomiane i medlemslanda blir overvaka regelmessig gjennom såkalla artikkel IV-konsultasjonar, der IMF utarbeider ein rapport med vurderingar av den økonomiske situasjonen i det aktuelle landet, med tilrådingar om den økonomiske politikken.

Noreg har ein liten open økonomi. Det er derfor viktig for landet at dei internasjonale økonomiske tilhøva er stabile. IMF gjer eit viktig arbeid for å leggje grunnlag for stabile finansielle tilhøve og er eit sentralt forum for diskusjon av dei viktigaste spørsmåla i internasjonal økonomi. Noreg og dei andre landa i den nordisk-baltiske valkrinsen har sterkt støtta hovudlinene i IMF sitt arbeid.

Årsmøtet i 2001 blei avlyst som ei følge av terroristaksjonane i USA. Den internasjonale monetære og finansielle komité (IMFC) og Utviklingskomiteen hadde møte med avgrensa deltaking i Ottawa, Canada, 17. og 18. november 2001. Hovedpunktene under møta var den økonomiske situasjonen og kampen mot fattigdom, samt kamp mot kvitvasking av pengar og finansiering av terrorisme.

Det er i meldinga gjort nærare greie for organiseringa av og oppgåvene til IMF, ressursar og samarbeidspartnarar og særskilde forhold som gjeld Noreg.

Merknader frå komiteen

Komiteen tek det som står i meldinga om IMF til orientering.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og Kystpartiet, merker seg at Kredittmeldingen inneholder en omtale av Det internasjonale pengefondets (IMFs) virksomhet i 2000, og Norges holdning i de sentrale debattene knyttet til institusjonen. Dette er et bidrag til å gi økt diskusjon om denne sentrale institusjonens rolle i internasjonal økonomi, og kan bidra til større bevissthet om hvilke institusjoner og virkemidler som er nødvendige for å skape en stabil internasjonal økonomi som også ivaretar behovet for en mer rettferdig fordeling av verdens ressurser.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet viser til den omfattende kritikken som er kommet mot IMF's virksomhet. Så vel håndteringen av de senere års kriser i finansmarkedene, som strukturtilpasningskravene til medlemsland som trenger lån og arbeid for å redusere fattigdomsproblemer, er blitt sterkt kritisert fra fagøkonomer og ikke minst representanter for den fattige delen av verden. Kritikken rettes mot pengefondets ensidige fokus på stabil inflasjon, mens arbeidsledighet, andre sosiale problemer og grunnlaget for økonomisk vekst vies liten oppmerksomhet. Mye tyder på at IMF's løsningsforslag der det ble lagt stor vekt på en kontraktiv økonomisk politikk, var en medvirkende årsak til den dramatiske utviklingen både i Asiakrisen i 1997-98 og i den siste tidens krise i Argentina.

Protestene har bidratt til at IMF de senere årene har lagt om kursen noe, med større fokus på medvirkning fra landene som har problemer og mindre omfattende krav til strukturtilpasning. Men fremdeles er kravene fra IMF svært omfattende, og griper inn i mange sider ved et lands økonomiske politikk på en måte som får store konsekvenser for innbyggernes dagligliv - særlig gjelder dette den fattige delen av befolkningen.

Disse medlemmer understreker at det grunnleggende problemet er manglende demokrati i styringen av IMF. Medlemslandene har ikke innflytelse etter antall innbyggere, men etter størrelsen på økonomien. Det innebærer at USA har en 17,16 pst. andel av stemmene, Norge har 0,78 pst., mens for eksempel Kina har 3 pst. etter overtakelsen av Hong Kong. Konsekvensen er at pengefondet styres av de rikeste landene i verden,

og i de fleste sammenhenger vil unngå å gjøre noe som er i strid med disse landenes interesser.

Disse medlemmer mener Norge bør være mer offensive for å fortgang i reformprosessene i IMF. Dette gjelder både i forhold til pengefondets arbeidsmåte, styringsform og rolle.

6. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen viser til St.meld. nr. 6 (2001-2002) og til det som står i denne innstillinga og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

St.meld. nr. 6 (2001-2002) - Kredittmeldinga 2000 - vert å leggje ved protokollen.

Oslo, i finanskomiteen, den 7. februar 2002

Siv Jensen
leiar

Ingebrigt S. Sørfonn
ordfører og sekretær